

Fylkesmannen negativ til Stensletten-naust

28.03.2007



Ikke uventa er Fylkesmannen negativ til Stenslettens naustprosjekt. Her er forvaltningskomiteen på synfaring tidlegare i år. (Foto: Ola Matti Mathisen)

Forvaltningskomiteen var positiv med sju mot fire røyster, men Fylkesmannen stiller seg ikke uventa negativt til Stenslettens plan om byggjing av fleire naust inntil riksveg 48 like aust for Eidsvik Skipsbyggeri

Mindretallet i komiteen var enig med rådmannen som gjekk imot for andre gongen fordi han meinte eit så stort prosjekt bør vurderast under neste rullering av kommuneplanen. Prosjektet inneheld naust i tre parsellar innanfor ein 100 meter lang strekning.

Miljøvernavdelingen hos Fylkesmannen uttaler at eit vedtak om å gje dispensasjon frå arealføremålet og frå forbodet mot byggjing i strandsona vil kunne føre til at regionale eller nasjonale verdiar vert råka. Det aktuelle område er lagt ut som LNF-område (landbruk/natur/friuftsliv) i arealdelen til kommuneplanen.

Uttala inneber ikkje at Fylkesmannen sin klagerett vert sett til side og Fylkesmannen ber om å få oversendt kommunen sitt vedtak til klageurering.

Ved dispensasjon frå kommuneplanen sin arealdel eller reguleringsplan skal fylkeskommunen og statlege myndigheter være gitt høve til å uttale seg før dispensasjon vert gitt. Først og fremst blir slik uttale gitt i saker der regionale eller nasjonale miljøverdier og verdifulle arealressursar kan bli skadelidande og som ein ikkje kan forventa at kommunane sjølv er kjende med, heiter det i brevet frå Fylkesmannen.

- Vi forventar at kommunane kjenner til reglane for byggje- og deleforbodet i 100-metersbeltet, ulike rikspolitiske retningslinjer om arealbruk og sterke jordverninteresser, heiter det i brevet til kommunen.

Av Ola Matti Mathisen